
KONTAKTBLAD FOR
Nr. 17 Nov. 1994 5.årg.

HJARTDAL HISTORIELAG



OBS !

***Snart eit
viktig 50-
årsminne !***

***Du er vel ikkje
av dei som har
gløymt medlems-
kontingenen 1994?***

Du får nytt innbetalingskort i bladet


*Side 4:
God kritikk til
Hjartdalssoga*

*Side 2:
“Hjartdalsprofes-
sor” med stort
verk*

*Side 8:
“Utvandra Tuddøl”
attende i heim-
bygda*

*Side 6:
Debattinnlegg om
kulturarven i
Hjartdal*

*Side 8:
“Kulturarven” i
kommunestyret*



Amerikansk professor med Hjartdalsrøter utgjev stort verk om utvandrarar.

Den pensjonerte professor Gerhard Brandt Naeseth har i mange år arbeidd med norsk utvandrings-historie. Han var mesteparten av sitt yrkesaktive liv tilsett ved biblioteket ved University of Wisconsin i Madison. Dette gav han eit godt høve til å arbeide med norsk utvandringshistorie som altså var eit fritidsarbeid, som han særleg har arbeidd med som pensjonist.

Målet hans har vore å skaffe ein oversikt over alle utvandrarar frå Noreg til USA frå Cleng Peerson i 1825 og fram til 1850. Dette målet er han nå i ferd med å nå. I vår kom første av fem store bind. Heile verket er først og fremst oppramsing av namn ordna etter utreisetidspunkt. Men han har i tillegg oppspora opplysningar om familietilhøve bustad mv. så bøkene vil bli reine skattehistene

for dei som undersøker slekt mellom Noreg og USA.

For oss er det interessant at Hjartdal igjen viser seg å vere av dei heilt store og tidlege utvandringskommunane. Ei grov teljing i første bind der hovudmengda av personane utvandra mellom 1837 og 1843, viser at på landsbasis er ca. 3 % frå Hjartdalsbygdene. Altså omlag 1 av 30 var hjartdølar. Som eit tankeeksperiment kan ein bruke det same forholds-talet på dagens folketal i Noreg. Da ville Hjartdal ha 135.000 innbyggjarar.

Elles ser det ut til at det er Tinn og Rollag i Numedal som er enda større utvandringskommunar.

Boka er nok ikkje vanleg lagervare hos norske bokhandlarar, men dei må sjølv sagt kunne skaffe ho. Elles skal nok historielaget skaffe seg

bøkene etterkvart, så dei kan brukast av medlemmene.

Om boka er på engelsk, så treng ikkje det skreme nokon i frå å bruke henne. Det einaste ein treng å kunne for å studere i listene er uttrykk som fødd, gift, død mv. Namn og datoar er sjølv sagt likt på norsk og engelsk.

Siste:

Gjennom siste nummer av "Heimen" får vi greie på at G.B. Naeseth døydde den 10. juni, vel 80 år gammal. Ein av dei mest

akta norsk-amerikanarar er dermed borte. Han fekk mellom anna St.Olavsmedaljen for arbeidet sitt.

Sjølv om han bare fekk sett første band av verket sitt ferdig, ser det ut til at grunnarbeidet er gjort og at medarbeidarane hans vil halde fram med utgjevinga av dei fire neste banda.

P.S.:

Er det nokon som kan klargjere slektsbanda hans til Hjartdal så er vi interesserte i å få greie på dette

Frå boka til Naeseth:

Tuddølen Ole Johnson Hovde - Den aller første utvandreran frå Hjartdalsbygdene.

Vi markerte eigentleg 150-årsminnet for den første emigrasjonen frå Hjartdal eit år for seint. Det har vore kjent at ein tuddøl utvandra alt i 1838, medan eit større følge reiste frå Hjartdal i 1839.

Ole Johnsen Hovde har sitt avsnitt i boka til Naeseth. Vi får vite at han var fødd i 1808 som son av John Nielsen Hovde og Kari Anundsdatter. I "Gard og ætt i Tuddal" får vi vite at det var mora som var frå Hovde og faren frå Åsen. (Her står det forresten at Ole utvandra i 1841/42, så ein får tru det ein vil.) Han reiste på skipet "Republic" som ankom New York frå Gøteborg 16. august 1838 under ein kaptein som heitte noko slikt som Daniel Steensten. Saman med han var 3-4 andre norske familiar. Desse var frå Tinn og Numedalsbygd, tilsaman 24 nordmenn.

Vidare drog Ole og slo seg ned i LaSalle County i Illinois. I Mai 1840 gifte han seg med Gonloug Gunleksdatter Fossejord. Ho hadde utvandra frå Hjartdal i 1839 saman med den tidlegare mannen sin Johannes Torkildsen Bergsland. Ole døydde i 1860/70 før kona si. Dei hadde 6 barn som er nemnde i Naeseths bok.

God kritikk til Hjartdals- soga !



Landslaget for lokalhistorie utgjev eit stort tidsskrift som heiter "Heimen" (Dette er til låns i historielagssamlinga) I nummer 2-94 var det ein stor artikkel av Førstekonservator/museumsstyrar Aanund Olsnes om lokalhistorieskrivinga i Telemark gjennom tidene. Alle bygdebøker blei vurderte frå ulike synsvinklar. Vi ser med glede, om ikkje særleg overraskande, at Hjartdals-soga blir vurdert som svært bra, ja,

faktisk som det beste i sitt slag. Så sjølv om enkelte gjennom skriveperioden til tider kan vere redd at pro-sjektet blir både stort, dyrt og langvarig, så er det liten tvil om at det ei verdifull investering i fortid og for framtid som blir gjort. Her gjev vi att nokre setningar frå artikkelen som fortener å bli lesne av fleire enn abonnentane til "Heimen" til oppmuntring for alle som er med på å få Hjartdals-soga realisert.

...so er dei tilsvarande bøkene frå Hjartdal av Gjertrud Kleveland Karlsrud stoff-rike, frodige og morosame lesebøker.


...Biletaterialet i bøkene er rikt - og godt attgjeve.

...Bø og Hjartdal har no dei beste gards -og ættesogene som er skrivne i fylket etter krigen, men kultursoga frå Bø har klåre manglar, og i Hjartdal har dei inga slik bok i det heile.

Kjem du til Hjørdal folkebibliotek i Sau-land for å leite etter noko i historie-lagsskåpet, vil du sjå at det blitt nokså tomt i hyllene. Til gjengjeld så vil du sjå eit par nye arkivskåp stå ved sida. Vi har arbeidd med å systematisere samlinga i det siste, derfor er det nødvendig med ei forklaring.

Hovudregelen er at alt i nokolunde skikkeleg bokform står i skåpet. Alt anna av tynnare hefte, kopisamlingar og lausblad elles har vi plassert i hengemapper i arkivskåpa. Vi reknar med at det skal bli betre å leite seg fram nå etterkvart som ein blir kjend i systemet.

Vi har klassifisert alt stoffet etter Deweys klassifiseringssystem. Dette er det same som dei fleste bibliotek i heile verda brukar. Det går ut på at kvart emne har sitt tresifra nummer med desimaler etter. Tala går frå 0 til 999. Vi reknar ikkje med at publikum set seg inn i dette, derfor vil vi presentere ei liste over dei mest aktuelle nummera



med tilhørande tema. Folk med interesse for å sette seg nærmare inn i systemet kan heller kontakte historielagssekretæren.

Bøkene i det gamle skåpet blir mest mulig sett i rekkefølge etter Dewey-nummera. Det same gjeld mappene i dei nye skåpa. Mindre hefte og lausblad som handlar om same emne kan gjerne finnast i same mappe. Men vi vil etterkvart sjå kva som blir mest praktisk. Fordelen er at du stort sett vil finne alt om eit emne samla på ein stad når du har funne fram til nummeret.

På skåpdøra vil det nå komme eit oppslag over artiklane i samlinga med tilhøyrande Dewey-nummer.

Vi set pris på at bladet blir brukt som debattorgan. Frå eit medlem har vi fått ein kommentar til lesarbrevet/artikkelen om kulturarven i Hjartdal som sto i kontaktblad nr. 16.

Kulturarven i Hjartdal.

"...som skulle gjere garden til ein heim, til skilnad frå eit husvære.."

I kontaktbladet nr. 16 stod det om kulturarven i Hjartdal. Noko i argumentasjonen skremde meg.

Det stod m.a.: *"Nye generasjonar som kjem til ein gard vil i mange høve oppleve at husa står skrikande tome. Berre ramma stend att. Mykje av det som skulle gjere garden til ein heim, til skilnad frå eit husvære, er dermed borte."*

Det er elles i stykket snakk om haldningar. Eg undrar meg over haldninga som her kjem til uttrykk når det gjeld ein heim. Det synest som gamle ting er avgjerande, - i alle høve på ein gard. Kanskje eg har mis-lese, og at ein ikkje skal leggje vekt på heim her i det heile. - Men kva er meininga med å sette eit husvære opp som motsetnad? Eit husvære er ikkje ein gard, det veit vi. Etter mitt syn og erfaring ("til skilnad frå...")?, kan det vere like mykje ein heim i eit husvære, som på ein gard.

Bladstyraren skriv han gjerne vil

ha innlegg i kontaktbladet vårt. Kanskje leiar/nestleiar vil klargjere kva for syn/halding dei har til ein heim, i høve til gard og husvære.

PS. I samband med lesing av dette innlegget, vart eg av ein slektning minna på "Det store spelet" av Vesaas. Der las eg om stor skilnad på dei som hadde gard og "dei som sat i hus". Per Bufast sa avundsjuk til Jens: "Du har ikkje jord, du, så..." Nei, eg har ikkje jord, sa han trøytt, eg grev berre i grus som ingen ting veks i." Dei var avundsjuke på kvarandre. Dei hadde vel ikkje noko val, då. Bygda var buplassen deira. Men for identiteten hadde dei ikkje nokon god grunnmur. Ein heim med gode relasjonar mellom menneska, er viktigare enn arvesølv som kan auksjonerast bort.

B. Kleivane

VI GRATULERER HJARTDAL MUSEUMSLAG MED VELLUKKA "AUKSJONSAKSJON"

Under auksjonen på Sud-Åbø 9. juli, hadde Hjørtdal museumslag organisert ein oppkjøpsaksjon for å berge ein del av innbuet frå å bli selt frå garden. Museumslaget stilte eit pengebeløp til denne saka og fekk støtte frå HHL og privatfolk, slik at 35 gjenstandar kunne kjøpast for å bli på garden.

Vi gratulerer !

50 år sidan frigjeringa 1945

Våren 1995 vil det over heile landet gå føre seg ulike arrangement for å markere 50-årsjubileet.

Hjørtdal kommune har gjort oss merksame på at dei har eit ansvar for å få til ei lokal markering. Truleg vil historielaget komme attende til saka, men alt nå vil vi gjerne be dei som har kunnskap eller anna som kan vere interessant i høve til jubileet, å tenkje over saka og ta kontakt, anten med HHL eller med kommunen ved miljøvernkonsulent (og historielagsmedlem) Svein Vetle Trae. Særleg er vi interesserte i stoff om motstandsarbeidet innanfor kommunen. Eit mål er at Trae i samarbeid med historielaget skal prøve å lage ei bok om dette, og utgje denne rundt 8. mai 1995.

Andre planar er å arrangere fredsmarsj, bygdekveld, avdukingar og kanskje fredsgudsteneste.

Det er alt søkt om midlar til opparbeiding og skilting av ein tursti til Torvetjønn på Mælefjell der det var flyslepp under krigen.

"Utvandra Tuddøl" attende i heimbygda

Da HHL hadde sin tur og omvisning på bygdetunet i Tuddal den 3. juni passa det slik at samtidig var det eit anna lite arrangement der. Frå Heddal var det besøk av Svein Sem m.fl. som etter lang tids arbeid kunne overrekke Tuddølane eit skikkeleg historisk klenodium. Dette var ei fjøl med eit utskore andlet - truleg eit slags helgenbilde. Fjøla var ein del frå den gamle stavkyrkja i Tuddal. Da denne blei reven i 1790-åra, blei delar av treverket spreidd rundt i bygda og utanfor bygda. Truleg såg ein det slik at det var magisk kraft i materialer frå kyrkja.

Denne fjøla har altså vore i privat eige i Heddal i generasjonar, men etter fornuftige vurderingar kom dei endeleg til at det var rett å sende henne attende til si rette heimbygd.

"Kulturarven" i kommunestyret

Innspelet frå HHL v/I. Dahl og T.Hytta om vern av kulturarven i Hjørtaldal blei teke opp av kommunestyret i haust. Vi fekk som venta positive reaksjonar, men konkrete tiltak vil nok la vente på seg. Ei uttale blei vedtatt samrøystes.:

Kommunen ser det som særskild viktig at kulturhistoriske verdier blir veranda att på gardane, og kommunen vil påverke partane ved eigarskifte, slik at innbu og tildels lausøyre av antikvarisk verdi blir ståande att på garden.

Kommunen ynskjer gjennom eit samarbeid med Historielaget å gje innbyggjarane i kommunen meir informasjon på dette området.

HHL har altså sett saka på dagsordenen og vil nok komme attende til henne.

Vi vil gjerne høyre medlemmenes syn på å bruke ein stavkyrkjeportal som logo for HHL. Alle bygdene har hatt slike. Vi tenker oss ei rein skjematisk form av bildet kombinert med klassiske bokstavar



HJARTDAL HISTORIELAG

Formann: Torkel Hytta, 3692 SAULAND

Tlf.: 350-23150

Sekretær: Leif Skoje, 3692 SAULAND

Tlf.: 350-23011

Bank: Hjørtaldal og Gransherad sparebank:

Kontonr.: 2699 07 04332

Kontaktblad for Hjørtaldal Historielag blir utgitt av Sekretæren i HHL.

Bladet blir sendt alle medlemmer - deriblant ein del institusjonar. Det er tillatt å bruke og kopiere stoff frå bladet, men oppgje kjelde !

Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet.